

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 02.03.2022
SAKSHANDSAMAR: Brita Mauritzen Næss
SAKA GJELD: **Tronvik – utvide behandlingstilbud til rusmiddelavhengige**

ARKIVSAK: 2020/235
STYRESAK: **032/22**

STYREMØTE: **23.03. 2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til Helse Førde HF sin plan om utviding av behandlingstilbudet til rusmiddelavhengige ved Tronvik med 5 plassar frå 2023.
2. Styret i Helse Vest RHF ber om at det i budsjettet for 2023 blir satt av 11,5 mill. kroner til Helse Førde HF til finansiering av plassane.
3. Dei nye behandlingsplassane ved Tronvik skal vere plassar som kan nyttast av pasientar frå heile regionen

Oppsummering

Tronvik har i dag eit behandlingstilbod til rusmiddelavhengige med 15 døgnplassar og har tidlegare hatt 11 døgnplasser innan psykisk helsevern som blei flytta til nye lokalar i Førde i mars 2021. Helse Førde HF ønskjer å drifte rusbehandling i dei ledige sengene frå 2023 og har bedt om ei regional finansiering av plassane, da pasientgrunnlaget i Helse Førde HF åleine er for lite. I saka blir det tilrådd å utvide rusbehandlingstilbodet ved Tronvik med 5 døgnplassar frå 2023, totalt 20 plassar.

Fakta

Tronvik er omtalt i sak 008/22 *Anskaffing av helsetenester 2022 - Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengigheit, spesialisert rehabilitering, radiologi og kirurgi*, frå styremøte i Helse Vest den 15. februar 2022. I saka går det fram at Helse Vest RHF planlegg å redusere kjøp av behandlingstenester innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) frå private aktørar med 11 døgnplassar frå 2023. Dette er blant anna grunngeve med ei mogleg etablering av ei ruseining ved Tronvik/Helse Førde HF. Som følgje av desse planane vil den økonomiske ramma knytt til kjøp innanfor TSB frå 2023 bli redusert med om lag 10 millionar kroner. I saka blei det varsla at administrerande direktør vil kome tilbake med ei eiga sak om dette på eit seinare tidspunkt.

Å vurdere lokala til Tronvik var opphavleg ein del av prosessen for regional plan for TSB som var i gang våren 2021. Det går fram av sak til styret i Helse Vest 022/21 *Regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling 2021*, den 24. mars 2021, at Helse Vest i løpet av planprosessen vurderte at saken om Tronvik skal handsamast i ein eigen sak. I planprosessen fikk Helse Vest høyringsinnspel frå Høyanger kommune, Sogn regionråd og Fylkesutvalet i Vestland fylke om saka. Høyanger kommune uttrykte i sin uttale at dei ønska at Helse Vest ville utvikle og utvide Tronvik som spesialisert rusbehandling. Sogn regionråd stilte seg fullt bak Høyanger kommune sin høyringsuttale. Fylkesutvalet i Vestland fylke støtta også uttalane til Høyanger kommune og Sogn Regionråd om Tronvik.

Helse Førde vurderte først ei utviding av 10-11 behandlingsplasser til rusmiddelavhengige, men såg at risiko for manglande rekruttering av eigna personell ville vere stor. Helse Førde har derfor vurdert ei utviding av tilbodet med 5 nye døgnplassar TSB, samla 20 døgnplassar. Ved å planlegge nedskalering til samla 20 døgnplassar er behovet for miljøpersonell redusert vesentleg i forhold til plan om utviding med 10-11 plassar. Helse Førde legg då til grunn at paviljong 2 kunne nyttast til 10 døgnplassar TSB, medan dei held fram med 10 plassar i eksisterande bygg. Ved ei slik løysing kan Helse Førde flytte delar av dagens personell frå 1. etasje i eksisterande TSB post til paviljong 2. Då nyttar Helse Førde eksisterande gruppeleiar som gruppeleiar ved paviljongen.

Det er likevel behov for å styrke kveld/helg og natt når det er drift i to bygg. I ei slik løysing har Helse Førde lagt til grunn at avrusing/stabilisering blir i 2. etasje i eksisterande bygg med 7 senger. 1. etasje i same bygg vil vere for ein brukarstyrt seng, samt to senger for pasientar i siste fase før utskriving. Denne driftsmodellen vil også bety at alle pasientar på seinstabilisering/rehabilitering vil få rom med bad. Med berre 5 ekstra senger, vil eksisterande sosionomar og helsesportspedagogar kunne dekkje behov for dei tenestene.

Personal- og driftskostnad klinikk Psykisk helsevern

Helse Førde har i vurdering av kostnad teke utgangspunkt i følgjande personalbehov.

Stillinger	St. %	Kommentar
Overlege	100%	
Psykolog/anna behandlar	200%	Psykolog og bachelor med klinisk godkjenning,
Sosialkonsulent	0	Sosionomane vil kunne fordele 5 pasientar mellom seg og vi vil derfor ikkje ha behov for en eiga stilling
Sjukepleier/vernepleier i turnus	400%	Styrke helg/kveld med sjuke/vernepleiefagleg kompetanse pga. spreieing på bygga. Samt ha ein sjuke/vernepleiefagleg kompetanse til i N-vakt stilling av same grunn.
Helsefagarbeider i turnus	100%	I turnus på tvers av avdelingane
Helgevikar i turnus	50%	Nødvendig for å dekke helg
Erfaringskonsulent	50%	Styrke erfaringskompetanse og bygge fagmiljø også for denne yrkesgruppa
Helsesportspedagog	0	Med 5 nye plassar vil eksisterande helsesportspedagogar klare å ivareta pasientane.
Musikkterapeut	100%	Viktig del av heilskapleg tilbod
Helsesekretær	60%	Pasientadministrativt arbeid og drift av ekspedisjon og pasientmottak.
Sum	10,6 årsverk	

Budsjett utvida ruspost 2021 kroner	
Løn	6 419 275
Tillegg	1 170 313
Overtid	111 868
Feriepengar	968 090
Arbeidsgjevaravgift 10,6%	918 972
Kurs og reiser	129 637
Legemiddel	103 710
Andre kostnader	228 134
Totalt	10 050 000

Helse Førde skriv vidare at det vil vere noko risiko knytt til rekruttering av lege og psykolog, og det er truleg at dei i ein periode må basere seg på innleige av overlege. Med redusert behov for høgskuleutdanna personell samanlikna med opphavleg oppsett med 10 plassar, reknar Helse Førde med låg risiko for rekruttering av høgskuleutdanna og helsefagarbeidar.

Personal- og driftskostnad klinikk Drift og eigedom

Avdeling	Personalkostnad	Vare/tenester	Merknad
Teknisk	kr 100 000,00	kr 400 000,00	Energi/drift/vedlikehald
Reinhald	kr 300 000,00	kr 75 000,00	Ressurs/tøy/forbr.matr.
Matforsyning	kr 460 000,00	kr 450 000,00	Ressur/Mat mm
SUM	kr 860 000,00	kr 925 000,00	
Sum drift	kr 1 785 000,00		

Samla driftskostnad for ei utviding på Tronvik 5 plassar

Drifts- og personalkostnad Psykisk helsevern	10,1 mill .kr
Drifts- og personalkostnad kostnad Drift og eigedom	1,8 mill kr.
Sum drifts- og personalkostnad	11,9 mill.kr.

Kommentarar

Eksisterande tilbod om rusbehandling på Tronvik er eit godt fungerande behandlingstilbod med 15 plassar. Ved Tronvik er det gode mogelegheiter for pasientane til å få innsikt i og erfaring med å øve opp ferdigheter som trengst i kvardagslivet, arbeidstrening og positive fritidsaktivitetar.

Det er i hovudsak pasientar frå Helse Førde og Helse Bergen sitt område som nyttar plassane i dag. Dei siste to åra har det vore færre pasientar frå Helse Bergen sitt område og andre regionar, truleg har dette hovudsakleg samanheng med pandemi, reiserestriksjonar i periodar, og generelt mindre mobilitet i befolkninga. Likevel har 1/3 av pasientane vore frå Helse Bergen sitt område i 2021 og 2020. Mindre mobilitet er synleg også på andre område for gjestepasientar. Det er forventa at mobiliteten blant pasientar blir større når pandemien er over.

Rekruttering av legar (særleg med spesialitet innan rus- og avhengighet) og psykologspesialister til rusbehandlingstilbod er ei utfordring fleire stader i landet og også i Helse Vest. Helse Vest planlegger eit regionalt prosjekt for å sjå på rekruttering av nøkkelpersonell og korleis ein kan behalde personell, vi viser til eige krav i styringsdokumentet til helseføretaka. Ei utviding av behandlingsskapasiteten med 5 døgnplassar innan TSB ved Tronvik vil kunne bli gjennomført med forventning om å kunne rekruttere tilstrekkeleg tal nøkkelpersonell. Ein kan med ei slik moderat auke av

behandlingskapasiteten nytte personell som er tilsett i tilknytning til allereie eksisterande rusbehandlingstilbod i større grad.

Ei utviding av plassar til rusbehandling ved Tronvik er ikkje berre eit ønske frå Helse Førde, kommunar, regionråd og fylkesutval, men blir og sett i samanheng med avvikling av kjøp av behandlingsplassar innan TSB i institusjon som ligg utanfor eigen helseregion.

Helse Vest ønskjer å vere dimensjonert for at pasientane i regionen kan få behandling i Helse Vest sitt geografiske område. Det er derfor ei god prioritering å nytte fullt ut behandlingsskapasitet i eigen region framfor å kjøpe behandlingsplassar utanfor regionen.

Befolkningsgrunnlaget i Helse Førde åleine er ikkje tilstrekkeleg for å fylle plassane på Tronvik og plassane er å betrakte som regionale plassar. Det vil vere naudsynt å gjere plassane godt kjent, ikkje berre for pasientar i Helse Bergen sitt område, men også for Helse Fonna og Helse Stavanger sitt område.

Helse Førde har estimert utgifter til drift av 5 nye behandlingsplassar til kr. 11, 9 mill. I tillegg må påreknast kr. 2 mill. i risiko for eventuelt innleige av helsepersonell.

Konklusjon

Administrerande direktør støtter at Helse Førde utvider behandlingstilbodet til rusmiddelavhengige ved Tronvik med 5 plassar frå 2023. Administrerande direktør vil peike på at utvidinga må sjåast i samanheng med den reduksjon av kjøp av døgnplassar innan TSB som det er lagt opp til i styresak 008/22. I tillegg vil administrerande direktør peike på at framskriving av behov viser at det sannsynlegvis vil vere noko redusert behov for døgnplassar, auka behov for akuttbehandling og auka behov for polikliniske tenester, og at Helse Vest RHF vil avvikle kjøp av behandlingstilbod til rusmiddelavhengige utanfor regionen.

Helse Vest har eit ønskje om å vere dimensjonert for at pasientane i regionen kan få behandling i Helse Vest sitt geografiske område. Administrerande direktør legg derfor til grunn at det er ei god prioritering å nytte fullt ut behandlingsskapasitet i eigen region framfor å kjøpe behandlingsplassar utanfor regionen.

Ei utviding av det eksisterande tilbodet ved Tronvik inneber ei vidareutvikling av eit godt fungerande behandlingstilbod og vil bidra til å gjere tilbodet meir robust og virke stabiliserande for drifta ved denne eininga.

Etter ein totalvurdering vil administrerande direktør tilrå at det i budsjettet for 2023 blir satt av 11,5 mill. kroner til Helse Førde HF til finansiering av plassane.

